

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 27/2019, 16. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

STUDIESTART HAUSTEN 2019, 20. AUGUST: ISELIN NYBØ HELD OPNINGSTALEN - OG DET BLIR UTANDØRS

Kunnskapsminister Iselin Nybø har gitt melding om at ho kjem til opninga av studieåret 2019-2020 på Høgskulen i Volda, og ho vil halde opningstalen for nye studentar. Semesteropninga er tysdag 20. august frå kl 12.00 og opplegget blir nokså likt dei siste åra. Det har meldt seg på noko over 50 eksterne gjester. I tillegg til Iselin Nybø har også fylkesmannen, fleire stortingsrepresentantar, fylkesrepresentantar frå ei rekkje politiske parti og mange ordførarar meldt seg. Vervarselet for opningsdagen tyder på 12 grader og litt regn under opninga - men vi tek sjansen på at det også i år går bra å halde opninga utandørs.

<https://www.hivolda.no/studiestart-2019>

STUDIESTART (2): OPE SEMINAR OM FAGFORNYINGA I SKULEN VED SIV GAMLEM OG ARVE FISKERSTRAND

På semesterstarten ønskjer vi også at gjester og andre skal få ein smakebit av spennande fagleg aktivitet ved Høgskulen i Volda. Denne oppgåva har veksla mellom avdelingane, og i år er det AHL som får syne seg fram. Så tysdag 20. august frå kl 10.15-11.45 blir det ei fagleg samling i Store BK der fagfornyninga i skulen står på programmet. Siv M. Gamlem og Arve Fiskerstrand er innleiarar. Neste år er det AKF sin tur.

STUDIESTART (3): FADDERSJEFANE GLER SEG TIL FADDERVEKA

Faddersjefane og alle studentfadderane gler seg til å ønskje nye studentar velkomne til Volda: «Den mest inkluderande plassen eg har vore», som Thomas Lind, PR/Media-ansvarleg i Fadderveke-styret seier det.

<https://www.hivolda.no/nyhende/alle-skal-med-fadderveka>

STUDIESTART (4): PRAKTISK INFORMASJON TIL NYE STUDENTAR - OPPGI ROM FOR FØRSTE SAMLING!

Mange nye studentar får tysdag 20. august kl 13.15 sitt første møte med sine nye lærarar. Men KVAR dei skal møte - kva rom dei skal møte opp på - det må stå i "Praktisk informasjon" for alle studium. Det er fagmiljøa sjølve som må skrive dette inn informasjon om studietilboda. Fadderane har som oppgåve å samle studentar og føre dei til rett rom, men også fadderane får vite kva rom dei skal føre studentane til ved å lese "praktisk informasjon". På fleire store bachelorutdanningar står det i dag berre "Det vil kome eigen informasjon om kvar orienteringa vil finne stad.", så dette er viktig å få ordna snarast råd. Oversyn over alle studium:

[https://www.hivolda.no/studium#semester\[201\],201](https://www.hivolda.no/studium#semester[201],201)

HØGSKULEN HAR FÅTT STUDENTOMBOD

Høgskulen i Volda har til studiestart fått på plass studentombod gjennom ein avtale med Høgskulen på Vestlandet. Studentombodet vil kome til Volda når det trengst og etter avtale og første planlagde voldadag blir 30. september. Meir informasjon kan ein finne her:

www.studentombodet.no

VIL HA FRAMLEGG TIL NYE TEMA FOR DOKTORGRADSPROSJEKT

Forskningsutvalet har bede avdelingane (dekanane) om å kome med framlegg til aktuelle tema for utlysing av fire doktorgradsstipend. Fristen for å kome med tilbakemelding er 1. september, og saka blir teken opp på første møte i forskningsutvalet seinare i september.

ARBEIDSGRUPPE 1: HVOS SPRÅKPOLITIKK SKAL REVIDERAST

Direktør Per Halse har peika ut ei arbeidsgruppe som skal kome med framlegg til nye språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda. Arbeidsgruppa er samansett av høgskulelektor Ane Bergset Mandal (ASH), førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl (AHL), førsteamanuensis Stig Jarle Helset (AHL), stipendiat Heidi Fagna (AMF) og kommunikasjonssjef Line Lauvsnes Oddekalv. Arbeidet har fått tidsfrist 15. oktober. Dei gjeldande språkpolitiske retningslinjene for Høgskulen i Volda vart vedtatt i 2014 og du finn dei her:

<https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/Spr%C3%A5kpolitikk%20ved%20HVO%20.pdf>

ARBEIDSGRUPPE 2: SYMFONIORKESTERET I FRAMTIDA

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda vart skipa i 1947. Sidan 2017 har orkesteret vorte ein sjølvstendig organisasjon med stor grad av fristilling frå høgskulen. Direktør Per Halse sette før ferien ned ei arbeidsgruppe som skal utgreie formelle og faglege band mellom symfoniorkesteret og HVO. Seinare vil det kome ei sak opp for høgskulestyret om dette. Medlemmer av arbeidsgruppa er Elizabeth Oltedal (AKF, musikk), Helga Synnevåg Løvoll (orkestermedlem), Einar Opsvik (styremedlem i orkesteret), Jan Inge Sørbo, Helge Hamsaas, Torfinn Torheim (økonomikontoret) og Gunn Marit Lid (AKF adm.). Utgreiinga skal leverast alt 25. september med tanke på å få drøfta saka før budsjettet for 2020 skal vedtakast. Her er nettsida til symfoniorkesteret, blant anna med oversyn over komande konsertar:

<http://www.orkesteret.no/>

ARBEIDSGRUPPE 3: PLASSERING AV FAGMILJØET I DKL (DIGITAL KOMPETANSE I LÆRING)

Fagmiljøet for DKL (Digital kompetanse i læring) heldt tidlegare til ved Avdeling for kulturfag og vart i fjor flytta over til Avdeling for mediefag i lag med miljøa i MID (Media, IKT og design). DKL-aktiviteten har auka svært mykje i det siste, men aktiviteten er stort sett konsentrert om eller i samarbeid med lærarutdanning ved AHL. Direktør har sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere kva som bør vere framtidig organisering av DKL. Medlemmene av arbeidsgruppa er: Torbjørn Frantsen (seksjonsleiar DKL), Ole Frank Bakken (EVU-koordinator AHL), Ingunn Welle (økonomidirektør), Anne Øie (AHL-leiinga) og Lars Julius Halvorsen (institutt for kommunikasjon, AMF). Fristen for å levere utgreiinga er 25. oktober 2019.

NYTT OM TILSETTE

Det er svært mange nye tilsette ved Høgskulen i Volda i haust. På lista nedanfor står berre personar som har fått faste tilsetingar eller vorte tilsette i årsengasjement/vikariat. Tilsette med engasjement/vikariat i kortare tid står ikkje på lista. Heller ikkje tilsette som har slutta etter kortvarige vikariat og engasjement.

Vi ønskjer alle nye tilsette velkomne og ønskjer dei lukke til i stillingane sine.

Fellesadministrasjonen:

Nye tilsette / nye stillingar: Heidi Berg-Rusten Grevstad (jurist), Johan Myking (Professor II), Odd Helge Mjellem Tonheim (Prorektor).

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL):

Torbjørn Bakke (fast stilling som høgskulelektor i pedagogikk)

Oda Heidi Bolstad (årsvikariat som høgskulelektor i realfag)
Rebecca Sioned Davies (årsvikariat som førsteamanuensis, engelsk)
Hjalmar Trond Eiksund (skifta stilling som høgskulelektor i norsk frå Nynorsksenteret til Institutt for språk og litteratur)
Elin Førde (årsvikariat som høgskulelektor i pedagogikk)
Martyna Katarzyna Fojcik (eitt års engasjement som høgskulelektor på realfag)
Anna Kirsten Hellevang (årsvikariat som høgskulelektor på Nynorsksenteret)
Eivind Patrick Hanevik (årsvikariat som studieieiar GLU)
Carlos Magnusson (fast stilling som førsteamanuensis, realfag)
Arne Myklebust (nytt fireårig åremål som dekan ved AHL)
Marianne Bakke Nesvold (årsvikariat som høgskulelektor, realfag)
Kyrre Romuld (årsvikariat, høgskulelektor i pedagogikk)
Kari Søndena (professor II, pedagogikk)
Heidi Støa (årsvikariat, førsteamanuensis, engelsk)
Guro Solheim (årsengasjement, høgskulelektor norsk)
Hilde Kathrine Thomassen (årsengasjement høgskulelektor NIS)
Iselin Vatnehol Waage (årsvikariat, høgskulelektor i pedagogikk)
Gloria Otchere (fast stilling som høgskulelektor i engelsk)
Desse har slutta ved AHL: Alf Thomas Tønnessen, Arne Apelseth, Randi N. Slinning, Markku S. Hannula, Kamilla Bergsnev, Olga G. Krushinitskaya, Kathrine R. Tvinnereim, Marit Lysholm, Arne Redse.

Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH):

Randi Bergem (fireårig åremål som dekan ved ASH)
Trudi Henrydotter Eikrem (Fast tilsett som førstelektor i historie)
Kari Aslaug Hasle (tilbake på ASH etter ein periode på AHL)
Åsmund Svendsen (fast stilling som førsteamanuensis i historie)
Bjørn Kjetil Larsen (stipendiat på doktorgradsprogrammet Profesjonsutøving – vilkår og utvikling, frå 1.september)
Desse har slutta ved ASH: Dosent Arnfinn Kjelland, studiekoordinator Grete Marry Brøste og dekan Odd Ragnar Hunnes.

Avdeling for kulturfag (AKF):

Unni Hagen (fireårig åremål som dekan)
Rune Johan Krumsvik (forlenga engasjement som professor II fram til juli 2022)
Knut Einar Lillebø-Voll (årsengasjement som høgskulelærer, kunst og handverk)
Einar Løken (fast tilsett som høgskulelektor idrett og friluft)
Tore Kjetil Sørheim (årsvikariat, høgskulelærer, idrett)
Anna Blekastad Watson (årsvikariat, høgskulelektor, drama/teater)
Borghild Otelie Aasebøstøl (eitt års engasjement som høgskulelektor, drama/teater)
Høgskulelektor Øyvind Hagen og dekan Aud Folkestad har slutta ved AKF.

Avdeling for mediefag (AMF):

Silje Birknes (fast stilling som høgskulelektor, film/animasjon)
Hroar Saunes Bye (eittårig engasjement som høgskulelærer, kommunikasjon)
Andre Folkestad (fast stilling som høgskulelærer, journalistikk)
Jens Standal Groven (tilbake i fast stilling som høgskulelektor, kommunikasjon, etter fire år som prorektor)
Irene Hillestad (fast stilling som høgskulelektor, kommunikasjon)

Marianne Ulstein Johnston (eitt års engasjement som prosjektleiar, Digital kompetanse i læring (DKL))

Line Rebekka Kobberstad (eitt års engasjement som høgskulelektor, kommunikasjon)

Laila Walseth Lid (fast stilling som seniorkonsulent)

Eva Westvik (fast stilling som høgskulelektor, film/animasjon)

Desse har slutta ved AMF: Mari Lome, M. Javad Khajavi og Jannicke Velsvik.

AMF: HUNNES KONSTITUERT SOM DEKAN

Odd Ragnar Hunnes er frå 12. august og 6 månader framover konstituert som dekan ved Avdeling for mediefag. Audhild G. Rotevatn har vorte midlertidig omdisponert til arbeid med mediehuset og strategisk rådgjeving opp mot rektor og direktør.

STUDENTPARLAMENTET: NY ORGANISASJONSKONSULENT

Anna Rudin skal vikariere som organisasjonskonsulent for studentparlamentet fram til 1. desember

LEDIGE STUDIEPLASSAR: FØLG MED

Det er rekordmange søkjarar til Høgskulen i Volda, men søkinga på ulike studium er varierende.

Her finn du ledige studieplassar med løpande opptak:

<https://www.hivolda.no/studium#semester%5B201%5D,201/availability%5B162%5D,162>

PÅMINNING: FORSKINGSGRUPPER BLIR INVITERTE TIL Å SØKE OM SÅKORNMIDLAR: FRISTEN ER 30. AUGUST

Forskningsadministrasjonen har invitert forskingsgrupper og forskingsmiljø til å søke om «såkorndmlar», altså midlar som til dømes å arbeide med søknader om eksterne prosjekt. Det er i alt kr 450.000 tilgjengeleg og søknader bør vere på kr 75.000 eller meir. Søknadsfristen er 30. august og det er Forskningsutvalet som tildeler midlane.

TIPS TIL NYE STUDENTAR

Student Karina Blyverket har delt sine 10 tips til nye studentar - til glede både for studentar og tilsette.

<https://www.hivolda.no/studentliv/10-gode-tips-ein-knallstart-volda>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.8.2019: Seminar om søknadsevaluering, EU-nettverk NORDVEST og EU-nett Sogn og Fjordane. <https://www.hivolda.no/evalueringsworkshop-horisont-2020-soknader>

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

12.9.2019: Styremøte 5/2019

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskningsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>
31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen
19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.
<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>
5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i
solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-
oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

